



Vik kommune

Rådmannen

Det kongelige Helse og Omsorgsdepartement

Vår ref.	Dykkar ref.	Sakshandsamar	Direktenr.	Dato
14/28 -6		Oddbjørn Ese	57 69 82 56	04.03.2014

MELDING OM VEDTAK

Reservasjonordning for fastlegar - høyringsuttale

Det er gjort følgende vedtak i saka:

KOMMUNESTYRET

006/14Vedtak:

Dette skal liggja til Stortinget for å sikra likskapsprinsippet.

Samrøystes.

Med helsing

Oddbjørn Ese
Rådmann

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Kopi

Helge Johan Bjordal

Kommuneoverlege

Sakspapir

Saksnr	Utval	Møtedato
017/14	Formannskapet	13.02.2014
006/14	Kommunestyret	27.02.2014

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsaksnr.
Oddbjørn Ese	K2 - G21	14/28

Reservasjonordning for fastlegar - høyringsuttale

Rådmannen si tilråding

Saka blir lagt fram utan tilråding.

Formannskapet - 017/14

Ordføraren la fram tilråding som var vedteken samrøystes.

FS - vedtak:

Saka blir lagt fram for kommunestyret med fylgjande framlegg til vedtak:

Dette skal liggja til Stortinget for å sikra likskapsprinsippet.

Samrøystes.

Kommunestyret - 006/14

KS - vedtak:

Dette skal liggja til Stortinget for å sikra likskapsprinsippet.

Samrøystes.

Vedlegg

Hoeringsbrev_reservasjon.pdf

Hoeringsnotat_om_reservasjonsordning_for_fastleger.pdf

Kort samandrag

Helse- og omsorgsdepartementet har sendt på høyring forslag til endringar i helse- og omsorgstenestelova, pasient og brukarrettigheitslova (heimel til å gi forskrift om reservasjonsmogelegheit for fastlegar og rett til å skifta fastlege ved reservasjon), og forskrift om endringar i fastlegeforskrifta og forskrift om pasient- og brukarrettar i fastlegeordninga.

Høyringsfrist er 30.4.2014

Rådmannen vurderer saka å vera av slik politisk karakter at det ikkje er naturleg å gje tilråding.

Evt. høyringsuttale bør vedtakast av kommunestyret.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Helse- og omsorgstenestelova

Pasient og brukarrettigheitslova

Tilhøyrande forskrifter

Saksopplysningar

I høyringsnotatet kjem Helse- og omsorgsdepartementet med framlegg om ei tilføyning i helse- og omsorgstenestelova § 3-2 tredje ledd. Tilføyninga skal gi heimel til forskrifter om høve for fastlegar til å reservera seg mot tilvising og behandling ved alvorlege samvitskonfliktar knytt til liv og død. Med alvorlege samvitskonfliktar knytt til liv og død meiner ein først og fremst abort. Heimelen vil likevel også omfatta forskrifter om reservasjon mot aktiv dødshjelp dersom dette skulle bli tillete. Heimelen skal ikkje omfatta tilvising eller innsetting av prevensjon eller tilvising til assistert befruktning.

Vidare tilrår departementet ei endring i pasient- og brukarrettigheitslova § 2-1 c fjerde ledd. Endringa skal gi grunnlag for forskrifter om utvida rett til å byta fastlege for pasientar som står på liste hjå ein fastlege som har reservert seg mot tilvising til abort.

I høyringsnotatet føreslår departementet også endringar i fastlegeforskrifta (forskrift 29. august 2012 nr. 842 om fastlegeordninga i kommunane) og i forskrift om pasient- og brukarrettigheiter i fastlegeordninga (forskrift 29. august 2012 nr. 843).

Kommunar skal få høve til å inngå avtalar med fastlegar om at desse kan reservera seg av samvitsgrunnar mot å tilvisa kvinner til abort. Fastlegen som reserverer seg må syta for at kvinner på hans eller hennar liste, som vurderer eller ynskjer tilvising til abort, får tilbod om konsultasjon hjå ein annan fastlege i nærleiken seinast innan neste virkedag. Før kommunen kan inngå avtale om reservasjon, må fastlegen dokumentera at han eller ho har inngått skriftleg avtale med ein kollega som forpliktar seg til å ta imot og tilvisa dei aktuelle kvinnene. Fastlegen som har reservert seg skal også informera kvinner på si liste, som vurderer eller ynskjer tilvising til abort, om at dei kan venda seg direkte til sjukehuset utan tilvising frå fastlege.

Personar som står på lista til ein fastlege som reserverer seg, skal få rett til å byta til ein fastlege som ikkje har reservert seg. Dette bytet skal ikkje reknast som eit byte etter reglane om inntil to byte pr. kalendarår. Før kommunen kan inngå avtale om reservasjon, må kommunen forsikra seg om at det er andre fastlegar i nærleiken med opne lister slik at dei som ynskjer det kan byta til ein fastlege som ikkje har reservert seg.

Fastlegen skal informera alle sine eksisterande listeinnbyggjarar om reservasjonsavtalen straks avtalen er inngått. Kommunen skal syta for at alle innbyggjarane får informasjon om kva legar som til ei kvar tid har reservert seg, slik at innbyggjarane er kjent med det når dei skal velja fastlege. Dette kan for eksempel gå fram av nettsida for skifte av fastleger – MinFastlege.

Økonomiske konsekvensar

Ingen direkte for Vik kommune

Vurdering

Rådmannen viser til vedlagde høyringsnotat og høyringsbrev frå departementet.

Rådmannen vurderer saka å vera av slik politisk karakter at det ikkje er naturleg å gje tilråding, jfr. delegerings- og innstillingsreglementet for Vik kommune.

